

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 04.12.2018

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram slikt forslag:

«Forslag til endringar i høyringa:

Side 2, linje 4:

Før:

heile landet er viktig, slik at det ikkje blir avgjerande kor du bur for resultatet av ein klage. Rådet er difor positiv til at Nasjonalt Eldre-pasient- og brukarombod skal ha ein samordnande og rettleiande oppgåve overfor dei lokale omboda.

Nytt:

heile landet er viktig, slik at ikkje staden du bur i landet, blir avgjerande for dei råda og den veiledninga du får av ombodet. Rådet er difor positiv til at Nasjonalt Eldre-pasient- og brukarombod skal ha ein samordnande og rettleiande oppgåve overfor dei lokale omboda.

Side 3 Avsnitt 3, linje 4:

Før:

Nokre private tilbydarar har avtale med kommunen eller er godkjende av HELFO og kjem med det inn under omboda sitt arbeidsfelt.

Nytt:

Nokre private tilbydarar har avtal med det offentlege og kjem med det inn under omboda sitt arbeidsfelt.

Side3, Avsnitt 3, linje 6:

Før:

godkjende av HELFO og kjem med det inn under omboda sitt arbeidsfelt. Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i synspunktet frå Ariansonutvalet om at arbeidsområdet til ombodet bør omfatta alle dei private tilbydarane, også dei som ikkje har kommunal avtale eller er godkjende av HELFO.

Nytt:

godkjende av HELFO og kjem med det inn under omboda sitt arbeidsfelt. Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i synspunktet frå Ariansonutvalet om at arbeidsområdet til ombodet bør omfatte alle dei private tilbydarane, også dei som ikkje har avtale med det offentlege.

Side 3, Avsnitt 3, linje 9:

Før:

Når ikkje alle tilbydarar fell inn under Eldre-pasient- og brukarombodet sitt arbeidsfelt, så blir det vanskeleg for brukarane å orientera seg om kven dei kan klaga på og kven dei ikkje kan klaga på dersom noko uønskt skjer i samband med behandling eller mottak av helse- og omsorgstenester.

Nytt:

Når ikkje alle tilbydarar fell inn under Eldre-pasient- og brukarombodet sitt arbeidsfelt, så blir det vanskeleg for brukarane å orientere seg om kven dei kan og kven dei ikkje kan venda seg til ombodet om dersom noko uønskt skjer i samband med behandling eller mottak av helse- og omsorgstenester.

Oppsummering, avsnitt 3, linje 2:

Før:

Men fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er ein veikskap at ikkje alle helse- og omsorgstenester er omfatta av arbeidsfeltet til omboda ved at private tenester ikkje er med.

Nytt:

Men fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er ein veikskap at ikkje *alle* helse- og omsorgstenester er omfatta av arbeidsfeltet til omboda **fordi ikkje alle private tenester er med.**

Røysting

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vil gje høyringsuttale til saka: Etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombod med følgjande endringar:

Side 2, linje 4:**Før:**

heile landet er viktig, **slik at det ikkje blir avgjerande kor du bur for resultatet av ein klage.** Rådet er difor positiv til at Nasjonalt Eldre-pasient- og brukarombod skal ha ein samordnande og rettleiande oppgåve overfor dei lokale omboda.

Nytt:

heile landet er viktig, **slik at ikkje staden du bur i landet, blir avgjerande for dei råda og den veiledninga du får av ombodet.** Rådet er difor positiv til at Nasjonalt Eldre-pasient- og brukarombod skal ha ein samordnande og rettleiande oppgåve overfor dei lokale omboda.

Side 3 Avsnitt 3, linje 4:**Før:**

Nokre private tilbydarar har avtale med **kommunen eller er godkjende av HELFO** og kjem med det inn under omboda sitt arbeidsfelt.

Nytt:

Nokre private tilbydarar har avtal med **det offentlege** og kjem med det inn under omboda sitt arbeidsfelt.

Side3, Avsnitt 3, linje 6:**Før:**

godkjende av HELFO og kjem med det inn under omboda sitt arbeidsfelt. Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i synspunktet frå Ariansonutvalet om at arbeidsområdet til ombodet bør omfatta *alle* dei private tilbydarane, også dei som ikkje har **kommunal avtale eller er godkjende av HELFO.**

Nytt:

godkjende av HELFO og kjem med det inn under omboda sitt arbeidsfelt. Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i synspunktet frå Ariansonutvalet om at arbeidsområdet til ombodet bør omfatte *alle* dei private tilbydarane, også dei som ikkje har **avtale med det offentlege.**

Side 3, Avsnitt 3, linje 9:**Før:**

Når ikkje alle tilbydarar fell inn under Eldre-pasient- og brukarombodet sitt arbeidsfelt, så blir det vanskeleg for brukarane å orientera seg om kven dei kan **klaga på og kven dei ikkje kan klaga på** dersom noko uønskt skjer i samband med behandling eller mottak av helse- og omsorgstenester.

Nytt:

Når ikkje alle tilbydarar fell inn under Eldre-pasient- og brukarombodet sitt arbeidsfelt, så blir det vanskeleg for brukarane å orientere seg om kven dei kan **og kven dei ikkje kan venda seg til ombodet om** dersom noko uønskt skjer i samband med behandling eller mottak av helse- og omsorgstenester.

Oppsummering, avsnitt 3, linje 2:

Før:

Men fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er ein veikskap at ikkje *alle* helse- og omsorgstenester er omfatta av arbeidsfeltet til omboda **ved at private tenester ikkje** er med.

Nytt:

Men fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er ein veikskap at ikkje *alle* helse- og omsorgstenester er omfatta av arbeidsfeltet til omboda **fordi ikkje alle private tenester er med.**